

# Fôring, stell og økonomi ved ulikt oppdrett av overskotslam

**(Oppdatert 27.02.15) Eit overskotslam er eit lam som ikkje har mor eller ikkje får nok mjølk frå mora til at det får tilfredstillande tilvekst og blir difor teken frå søya og fôra opp på mjølkeerstatning, kraftfôr, grovfôr og beite. For å få økonomi i eit overskotslamoppdrett, er det viktig at ein alt før lamming har tenkt igjennom korleis ein ynskjer å ta vare på overskotslamma.**

Det fyrste ein bør gjera, er å utnytte mulighetene til adopsjon av lam slik at alle friske vaksne søyer minimum går med to lam. Ein bør så vurdere om støttefôring med kraftfôr om våren er nok til å gje tilfredsstillande tilvekst på lamma. Dette er særleg aktuelt dersom ein har gode sommarbeite. Når desse mulighetene er brukt opp, vil det som regel vera ein del lam som blir overskotslam. Desse bør vi ha eit gjennomtenkt opplegg for.

Av: [Finn Avdem](#), fagsjef småfe, Nortura

## **Dette er viktig for alle overskotslam**

Pass på at lamma får nok råmjølk, helst frå mora dvs 1,5 til 2 dl når dei er fødte og ca 1 liter råmjølk det første døgeret for eitt 5 kg`s lam.

Ta bort lamma som skal bli overskotslam når dei har gått med mora i ca 1 døgn. Bingane til overskotslamma må vere tørre og utan trekk. Lamma må ha eit tett liggeunderlag som isolerer. Tørr halm, flis eller styropor er bra liggjeunderlag for overskotslam.

Gje lamma appetittfôring på mjølkeerstatning, reint vatn, kraftfôr og litt fint grovfôr dei fyeste vekene. Formel lam vår kan brukast heilt frå starten av.

Overskotslam som ikkje har fått råmjølk frå vaksinert sau, må vaksinerast mot pulpanyre ved ca tre vekers alder. Vurder også om lam som har fått råmjølk frå vaksinert sau, bør bli vaksinert.

## **Mjølkeerstatningsbasert oppdrett (sommaram-produksjon)**

Det mest intensive oppdrettet av overskotslam er å gje dei mjølkeerstatning heilt fram til slakting. Så intensiv fôring fører til at lamma blir slaktemogne ved mykje lågare vekt enn vanlege lam, men slaktevekta bør over 10,1 kg, som er nedre vektgrense for å få sommarlamtillegg. Slakte % på slike lam varierer rundt 50. Levandevekt ved slakting bør difor vera vel 20 kg og oppover. Lamma kan lett bli for feite når dei kjem opp i vekt. Er ein redd for feitt-trekk, må ein avgrensa mengda mjølkeerstatning morgon og kveld med lik konsentrasjon den siste veka før slakting. Da er det ekstra viktig med tilgang på reint drikkevatt i tillegg.

Medel tilvekst på eit sommarlam bør vera mellom 400 - 500 g/dag. Slaktealder på eit sommarlam vil da vera 6-8 veker. Du må difor ha hovudtyngda av lamming i slutten av mars, april og heilt i starten av mai dersom du skal nå tak i tilleggsprisen som gjev økonomi i denne produksjonen.

Eit sommarlam bør ha ei fødselsvekt på minimum 4,5 kg dvs at ein som regel må bruke dei største lamma frå trilling- og firlingfødsler. Er ein flink til å undervenne lam, kan det også vera eit alternativ å bruke einstaka lam til sommarlam og undervenne to fosterlam til søya.

## **Avgrensingar av fabrikkar som slaktar sommarlam**

Denne produksjonen er berre aktuell for dei medlemmene og leverandørane som leverer til Forus, Sandeid, Førde og Gol i mai og juni. På dei andre småfefabrikane våre, er det så få aktuelle sommarlam at det ikkje er økonomisk forsvarleg å starte opp småfeslaktelinjene for så få dyr. Ta kontakt med rådgjevar eller medlemssentra på Forus, Sandeid, Førde, Tønsberg og Rudshøgda for nærare informasjon aktuelle slakteveker sommarlam. Sommarlamprisane i ulike slakteveker finn du på: [https://medlem.nortura.no/smaafe/priser\\_leveringsvilkkaar/](https://medlem.nortura.no/smaafe/priser_leveringsvilkkaar/).

Samarbeid gjerne med naboar/lammingen slik at vi får til ein så rasjonell inntransport som mogleg.



*Overskotslam får mjølkeerstatning*

## Økonomi

### Føresetnader:

Fødselsdato	<b>10.4.15</b>		
Fødselsvekt	<b>5</b>		
Tilvekst g/dag	<b>450</b>	Levandevekt v. slakting	<b>30,2</b>
Kg mjølkeerstatning pr dag	<b>0,45</b>	Slaktevekt	<b>15,1</b>
kraftfôr før avvenning, kg pr dag	<b>0,2</b>	Slaktedato	<b>05.06.2015</b>
Alder slakting, dager	<b>56</b>		
Slakteprosent	<b>50 %</b>		

		<b>Pris pr kg</b>	
Slaktevekt	15,1	kr 80 <sup>*)</sup>	kr 1208
Slaktetilskot			kr 500
		<b>Inntekter</b>	<b>kr 1708</b>
		Pris pr kg	
Mjølkeerstatning, kg	25	Kr 35	kr 882
Kraftfôr (Formel lam vår storsekk)	11	kr 3,90	kr 44
Vaksine (20 lam)	45		kr 45
Strø	30		kr 30
		<b>Kostnader</b>	<b>Kr 1001</b>
Til mjølkeutstyr, arbeid og grovfôr			<b>Kr 707</b>

\*) Andre tilleggsyttingar frå Nortura og evt. distriktstilskot kjem i tillegg. Prisen varierer med slakteveke. Sjå leveringsvilkår for sommarlam.

### Kraftfôrbasert oppdrett

Ein kan også lage ordinære slaktelam av overskotslamma ved å avvenne frå mjølkeerstatning så tidleg som råd og føre overskotslamma vidare på kraftfôr, grovfôr og beite. Tilveksten blir da noko lågare, men lamma tåler da ei høgare vekt før dei er slaktemogne.

Ein kan avvenne lamma ved ca 30 dagars alder og ca 15 kg `s levandevekt (vurder både alder og vekt når det er fornuftig å avvenne). Lamma skal da vera godt i gang med å eta kraftfôr. Det er best at lamma får ei gradvis avvenning frå mjølkeerstatning med avgrensa fôring morgon og kveld i fire til fem dagar.

Det er også mogleg med brå avvenning, men da kan lamma stagnere meir. Det er viktig at lamma får fri tilgang på friskt vatn heile tida, og spesielt når ein trappar ned på mjølka.



Kraftfôr til overkotslam inne



Fortsett vidare inne med vatn, kraftfôr og grovfôr etter appetitt i ca *Kraftfôrautomat på vårbeite* 14 dagar. Du har da god kontroll på at lamma veks og er friske før dei blir slepte på beite. Hald fram med kraftfôr etter appetitt frå ein kraftfôrautomat også ute på beite. Tilveksten vil da bli høg sjølv om beitekvaliteten varierer.

Lamma vil kompensere med å eta meir kraftfôr dersom det blir for lite beite eller kvaliteten på beite blir dårleg. På den andre sida, vil lamma eta mindre kraftfôr dersom ein er flink til å fylgje opp med beitepussing og gjødsling slik at lamma stadig har tilgang på ferskt, proteinrikt og lettfordøyeleg beitegras. Dette er også ei forholdsvis intensiv fôring og det er viktig å passe på at lamma ikkje blir for feite, spesielt søyelamma!

Overskotslam på heimebeite er utsette for koksidiar og bør behandlast for dette. Overskotslamma bør også få vanleg behandling mot rundormar dersom ein nyttar beite som blir brukt til sau år etter år. Sett opp ein plan for vaksining og snyltarbehandling saman med veterinæren din.

#### Økonomi:

Føresetnader:

Fødselsdato	<b>10.4.15</b>		
Fødselsvekt, kg	<b>4,5</b>		
Alder avvenning, dagar	<b>30</b>	Vekt avvenning,kg	<b>16,5</b>
Tilvekst før avvenning g/dag	<b>400</b>	levandevakt slakting, kg	<b>48</b>
Kg mjølkeerstatning pr dag	<b>0,4</b>	Slaktevekt, kg	<b>20,2</b>
kraftfôr før avvenning, kg pr dag	<b>0,2</b>	Slaktedato	<b>08.08.2015</b>
Tilvekst etter avvenning g/dag	<b>350</b>		
Kg kraftfôr pr dag etter avvenning	<b>0,9</b>		
Alder slakting, dagar	<b>120</b>		
Slakteprosent	<b>42 %</b>		

Slaktevekt, kg	20,2	<b>kr 60,1<sup>*)</sup></b>	kr 1 211
Stjernelam	20,2	kr 2,5	kr 50
Gourmetlam	20,2	Kr 0,0	Kr 0
Slaktetilskot			kr 500
Beitetilskot			kr 60
		<b>Inntekter</b>	<b>kr 1 821</b>
		Pris pr kg	
Mjølkeerstatning, kg	12	kr 30,00	kr 360
Kraftfôr (formel lam vår storsekk)	87	kr 3,90	kr 339
Vaksine/parasittbehandling	65		kr 65
Strø	30		kr 30
		<b>Kostnader</b>	<b>kr 794</b>

Til mjølkeutstyr, arbeid, grovfôr og beite			<b>kr 1027</b>
--	--	--	----------------

\*) Prisanslaget er inkludert grunntilskot og sesongtillegg. Prisanslaget er usikkert fordi vi ikkje veit korleis prisløypa og engrosprisen blir. Skinnverdien kan og variere. Andre tilleggssytingar frå Nortura og evt. distriktstilskot kjem i tillegg.

### Beitebasert oppdrett

Dersom ein ynskjer å dyrke meir av fôret til lamma sjølv, er det godt mogleg å få god tilvekst på overskotslam dersom dei får tilgang på beite av god kvalitet. Raigras er eit kjempegodt beitegras til lam.

I eit feltforsøk gjort hjå fem saueprodusentar i Nord-Hedmark og Sør-Trøndelag, var medel tilvekst frå 265 - 330 g/dag på eit slik beite. Ca 8-10 veker alder ser ut til å vera passande alder å venne lamma av med kraftfôr å gå over til berre beite. Vi understrekar enda ein gong at beitebasert oppdrett krev veldig god beitekvalitet.



Raigras

Ein bør trappe ned kraftfôrrasjonen gradvis ved å gje kraftfôr morgon og kveld i ei veker tid. Skal tilveksten bli god, bør ein gjennomføre skiftebeiting, beitepussing og gjødsling etter kvar avbeiting. Til gjengjeld slepp ein å fylle etter kraftfôrautomaten kvar dag og ein får redusert utgiftene til kraftfôr betydeleg fordi det er dei siste vekene før slakting lamma verkeleg et mykje kraftfôr dersom dei får det etter appetitt.

Eit alternativ kan også vera å gje avgrensa mengder kraftfôr for eksempel 0,2-0,3 kg 1 gong pr dag i tillegg til godt beite. Ein er da ikkje så sårbar for variasjon i beitekvaliteten.

Desse lamma bør også bli behandla mot koksidiøse om lag 7 dagar etter beiteslepp og få vanleg behandling mot rundormar i samråd med veterinær.

### Økonomi:

Føresetnader:

Fødselsdato	<b>10.4.15</b>		
Fødselsvekt	<b>4,5</b>		
Alder avvenning, dagar	<b>30</b>	Vekt avvenning, kg	<b>16,5</b>
Tilvekst før avvenning g/dag	<b>400</b>	Vekt v. slakting, kg	<b>50,7</b>
Kg mjølkeerstatning pr dag	<b>0,4</b>	Slaktevekt, kg	<b>20,3</b>
kraftfôr før avvenning, kg pr dag	<b>0,2</b>	Slaktedato	<b>01.09.2015</b>
Tilvekst etter avvenning g/dag	<b>300</b>		
Kg kraftfôr pr dag e avvenning	<b>0,2</b>		
Alder slakting, dagar	<b>144</b>		
Slakteprosent	<b>40 %</b>		

Slaktevekt, kg	20,3	<b>kr 60,1<sup>*)</sup></b>	kr 1 219
Stjernelam	20,3	kr 2,50	kr 51
Gourmetlam	20,3	Kr 2,00	Kr 41

Slaktetilskot			kr 500
Beitetilskot			kr 60
		<b>Inntekter</b>	<b>kr 1 870</b>
		Pris pr kg	
Mjølkeerstatning, kg	12	30	kr 360
Kraftfôr, kg (formel lam vår storsekk)	29	3,90	kr 112
Vaksine/parasittbehandling	65		kr 65
Strø /merke	40		kr 40
		<b>Kostnader</b>	<b>kr 577</b>
Til mjølkeutstyr, arbeid, grovfôr og beite			<b>kr 1293</b>

\*) Prisanslaget er inkludert grunntilskot og sesongtillegg. Prisen er usikker fordi vi ikkje veit korleis prisløypa, sesongtillegg og engrosprisen blir. Skinnverdien kan og variere. Andre tilleggsytingar frå Nortura og evt. distriktstilskot kjem i tillegg .

### **Avvenning av overskotslam ved slepp på utmarksbeite**

Vi har også prøvd ut å la overskotslamma gå med søya og støttefôring med kraftfôr heilt til slepp på utmark. Dette fungerte også bra og er eit godt alternativ for den som har god fôring og gode vårbeite, men for dårlege sommarbeite til at søya kan gå med tre lam i utmarka. Båe forsøksrapportane er lagt ved denne artikkelen.



*Overkotslam på raigrasbeite*